

Rapport om løn og anna godtgjering til leiande personar - rekneskapsåret 2021

Om rapporten

Rapporten gir ei samla oversikt over utbetalt og innestående løn og godtgjering som er omfatta av Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (heretter omtala: «Banken») sine retningslinjer for fastsetjing av godtgjering til leiande personar, jf. allmennaksjelova § 6-16 b og forskrift om retningslinjer og rapport om godtgjering for leiande personar. Retningslinjer for fastsetjing av godtgjering til leiande personar vart vedteken av generalforsamlinga 29. april 2021.

Løn og andre godtgjeringsordningar til leiande personar i Banken

Banken sine godtgjeringsordningar til leiande personar i rekneskapsåret 2021 har vore i samsvar med Banken sine retningslinjer om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar.

Samla godtgjering leiande personar har teke i mot for rekneskapsåret 2021 går fram av tabell 1. Tabell 2 syner endring i godtgjering, økonomiske resultat og gjennomsnittleg løn i banken siste fem rekneskapsår. Banken har ikkje utferda opsjonar eller andre former for godtgjering knytt til aksjar.

Tabell 1: Godtgjeringar utbetalt og innestående for leiande personar i Banken. Rekneskapsåret 2021. Tal oppgitt i tusen kroner.

Rolle	Namn	Fastløn	Bonus*	Pensjonskostnad	Etterlønsordning	Naturalyttingar	Bilgodtgjersle	Fast honorar	Møtegodtgjersle	Samla godtgjering 2021
Adm. banksjef	Stig Gunnar Røthe	kr 1.530	kr 30	kr 449	**	kr 9	kr 135			kr 2.153
Økonomisjef	Bård Gjerde	kr 875	kr 30	kr 89		kr 9	kr -			kr 1.004
Styreleiar	Stein Kvarekvål							kr 163		kr 163
Nestleiar i styret	Kathrine Løno Lahlum							kr 107		kr 107
Styremedlem	Olav Seim							kr 83		kr 83
Styremedlem	Hege Åse Solbakken							kr 83		kr 83
Styremedlem	Solfrid Dagestad Midttun							kr 83		kr 83
Varamedlem styret	Marita Østrem							kr 43		kr 43
Varamedlem styret	Gunvall Medhus***							kr 30		kr 30
Varamedlem styret	Borgny Elin Aase Bryn							kr 43		kr 43
Varamedlem styret	Nils T. Ringheim***							kr 13		kr 13
Medlem valnemnd	Anders Ullestad								kr 8	kr 8
Medlem valnemnd	Egil Mørkve								kr 8	kr 8
Medlem valnemnd	Hilde Magnusson								kr 8	kr 8
Varamedlem valnemnd	Ingjerd Skogseid								kr 8	kr 8

*) Generell ordning for overskotsdeling som omfattar alle tilsette i banken. Banken har ikkje ordningar for variabel godtgjering eller individuell bonus til leiande personar.

**) Adm. banksjef har plikt til å fråtre stillinga ved fylte 65 år. Det er 6 mnd. gjensidig oppseiingstid. Banksjef har innskotsbasert pensjonsordning på lik linje med dei andre tilsette i banken. Det er gjort avtale om kompensasjon for tidleg pensjonering. Dersom styret ber banksjef om å fråtre, har banksjefen rett på etterlønn i 18 mnd. frå det tidspunktet han fråtrer.

***) Gunvall Medhus i perioden 29.04.2021-31.12.2021. Nils T. Ringheim i perioden 01.01.2021-29.04.2021.

Tabell 2: Endringar i godtgjering, resultat og gjennomsnittleg løn i Banken siste fem rekneskapsår. Tal oppgitt i tusen kroner.

Årleg endring	2021 2020 vs 2021	2020 2019 vs 2020	2019 2018 vs 2019	2018 2017 vs 2018	2017
Samla godtgjering leiande tilsette. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.					
Stig Gunnar Røthe *	kr 2.153	kr 2.133	kr 1.878	kr 1.780	kr 1.705
Adm.banksjef	0,9 %	13,6 %	5,5 %	4,4 %	
Bård Gjerde **	kr 1.004	kr 917	kr 981	kr 1.044	
Økonomisjef	9,5 %	-6,6 %	-6,0 %		
Styrelsiar	kr 163	kr 150	kr 150	kr 140	kr 120
%-endring pr år	8,7 %	0,0 %	7,1 %	16,7 %	
Nestleiar i styret	kr 106	kr 100	kr 100	kr 93	kr 80
%-endring pr år	6,0 %	0,0 %	7,5 %	16,3 %	
Styremedlem	kr 83	kr 80	kr 80	kr 73	kr 60
%-endring pr år	3,8 %	0,0 %	9,6 %	21,7 %	
Varamedlem styret	kr 43	kr 40	kr 40	kr 36	kr 30
%-endring pr år	7,5 %	0,0 %	11,1 %	20,0 %	
Medlem valnemnd pr. møte	kr 1,60	kr 1,50	kr 1,50	kr 1,50	kr 1,30
%-endring pr år	6,7 %	0,0 %	0,0 %	15,4 %	
Banken sine finansielle resultat. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.					
Resultat etter skatt	kr 44.601	kr 33.256	kr 46.751	kr 39.560	kr 20.321
%-endring pr år	34,1 %	-28,9 %	18,2 %	94,7 %	
Eigenkapitalavkastning	7,6 %	6,1 %	10,3 %	9,1 %	5,2 %
Gjennomsnittleg godtgjering alle tilsette. Nivå for det enkelte år og prosentvis endring frå året før.***					
Alle tilsette i banken	kr 807	kr 745	kr 755	kr 848	kr 874
%-endring pr år	8,3 %	-1,3 %	-11,0 %	-3,0 %	

*) Adm. banksjef tiltredde 24.10.2017. Talet er annualisert for 2017.

**) Økonomisjef tiltredde 1.4.2018. Talet er annualisert for 2018.

***) Unnateke leiande personar

Retningslinjene om fastsetjing av løn og anna godtgjering til leiande personar har som føremål å bidra til Banken sin forretningsstrategi, langsiktige interesser og økonomiske berevne. Styret vurderer at verksemda til banken i 2021 har vore i tråd med banken sin strategi og langsiktige interesser, og at banken sin finansielle stilling er god. Styret vurderer ikkje at det er behov for å gjera endringar i retningslinjene.

Prosess for utarbeiding, vedtak og offentleggjering

Rapporten er utarbeida og førebudd av Banken sitt godtgjeringsutval med bistand frå Banken sin uavhengige kontrollfunksjon. Rapporten er vedteken som styret sitt framlegg til generalforsamlinga i styremøte den 29. mars 2022. Ekstern revisor RSM har i erklæring datert 25. mars 2022 stadfesta at rapporten inneheld dei opplysningar det vert stilt krav om gjennom lov og forskrift.

Rapporten vert utan opphald offentleggjort på Banken si nettside etter at generalforsamlinga er avhalden og generalforsamlinga har halde ei rådgevinge avstemming over rapporten. Rapporten skal vera tilgjengeleg i ein periode på ti år.